



Festdag med Gylne måltidsøyeblikk på Herøy Helse- og omsorgssenter

Den 24. november inviterte Fylkesmannen i Møre og Romsdal til fest hos fylkesvinnar Herøy Helse- og omsorgssenter for å overrekke diplom og premie frå Landbruks- og matminister Sylvi Listhaug.

Det var ein svært stolt kjøkkensjef Bjørg Warholm som takka for prisen, og ho rosa heile personalet som er med på å skape Gylne måltidsøyeblikk for bebuarane kvar dag.

Jurymedlem og leiar i Ålesund Eldreråd, Randi Havnevik Devold overrekte diplom, og fortalde korleis juryen opplevde Herøy Helse- og omsorgssenter.



Foto: Gro Anette Frøystad, Herøy Kommune

«Ved vitjing på institusjonen fikk juryen oppleve roleg og fin stemning der dei tilsette behandla bebuarane svært venleg og imøtekomande, og alle synte gjensidig glede og interesse for kvarandre.

Borda såg koselege ut og matsalen stod fram som svært hyggeleg. Presentasjonen på tallerkenen var innbydande og rettane sin fargekombinasjonar heva måltidet. Dette gjev både appetittvekkande og næringsrike måltid.

Herøy helse- og omsorgssenter tenkjer heilskapleg, og dei nyttar alltid «Kosthåndboka» ved planlegging av menyane. Balansen mellom dei ulike råvarene sørgjer for god ernæring

Totalinntrykket av stemninga kring måltida gjer difor denne institusjonen til ein klar vinnar av Gylne måltidsøyeblikk!»



Frå venstre: Bente Larsen Nerland, Klara Vangen Kopperstad, Beate Kvalsvik, Mona Skinnnes, Linda Hammervold, Bjørg Warholm, Rita Grønbeck Hodneland og Berit Myklebust. Solveig Krogstad, Torill Sandvik og Gerd Jorunn Harsvik var ikkje til stades når biletet vart teke. Foto: Gro Anette Frøystad, Herøy Kommune

DIPLOMUTDELING OG KAKEFEST

Det var fullt hus i spisesalen på Herøy Helse- og omsorgssenter når både bebuarar, pårørende, eldrerådet og representantar for Herøy kommune var samla for å feire fylkessigeren i Gylne måltidsøyeblikk.

Det mangla ikkje på lovord om mat og stell, og det er tydeleg at institusjonen har mange støttespelarar i lokalsamfunnet, noko som er viktig både for bebuarane og dei tilsette.

Flotte kaker, heimelaga lefser og søst skapte god, gammaldags feststemning!



Foto: Gro Anette Frøystad, Herøy Kommune

Herøy Helse- og omsorgssenter har gjennom konkurransen Gylne Måltidsøyeblikk vist korleis gode måltidsopplevingar kan skape meir trivsel og betre helse for eldre på institusjon!

LOKALMAT

Den flotte premien frå Landbruks- og matdepartementet var ei stor korg med lokalmat frå heile Møre og Romsdal.

Matkontakt hos fylkesmannen, Kirsti Indreeide, overrekte korga og oppmoda om å halde fram med å bruke lokal mat i menyane.

DEN GODE SMAKEN




Foto: Gro Anette Frøystad



Foto: Gro Anette Frøystad

Marie Eide, jury medlem og folkehelse- og næringsrådgjevar hos fylkesmannen hadde med bygdekvinnelaget si lokale kokebok som gåve frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal,

«DEN GODE SMAKEN»

Om bygdekvinner, mat og matkultur frå Møre og Romsdal

Dei andre institusjonane som deltok her i fylket, har også fått denne boka som takk for flotte bidrag i konkurransen.